

<b>Dato:</b>	«Sdo_DokDato»
<b>Arkiv:</b>	«Sas_ArkivID» «Sdo_ArkivSakI
<b>Vår ref (ArkivsakID.):</b>	D»- «Sdo_DokNr»
<b>JournalpostID.:</b>	«Sdo_DokID»

---

## **VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDS-ORDNINGA I TIME KOMMUNE**

Gjeldande frå 01.08.2017

### **Eigartilhøve**

Time kommune eig og driv skulefritidsordningane i kommunen.

### **Formål**

Skulefritidsordninga er eit frivillig omsorgs- og fritidstilbod utanom den obligatoriske skuledagen for barn på 1. - 4. steg og for barn med nedsett funksjonsevne/barn med særlege behov på 1. – 7. steg.

Skulefritidsordninga skal leggja til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skulefritidsordninga skal gje barna omsorg og tilsyn. Barn med nedsett funksjonsevne skal gjevast gode utviklingsvilkår. Areal, både ute og inne, skal vera eigna for føremålet. (Opplæringslova § 13-7).

For SFO i Time gjeld dette:

- Alle barna i SFO skal få tilbod om mat morgon og ettermiddag.
- Alle barna i SFO skal ha høve til å utfalda seg fysisk.
- SFO skal fremja sosial kompetanse, kreativitet og god helse.
- Det skal leggjast til rette for lekselesing for dei barna som ønskjer det.
- Det skal vera tilbod om ferieaktivitetar i skuleferien i minst ei veke i juni eller august. Her kan og barn som til vanleg ikkje går i SFO søkja. Det kan krevjast ekstra betaling for ferieaktivitetane.

### **Samarbeidsutval og representasjon**

Skulefritidsordninga er knytt til samarbeidsutvalet ved skulen gjennom rektor.

Skulefritidsordninga bør i tillegg vera representert i samarbeidsutvalet anten ved foreldre eller tilsette.

Foreldre som har barn i skulefritidsordninga, skal ha høve til å uttala seg om saker som gjeld skulefritidsordninga.

### **Søknad om opptak**

Søknad om opptak skjer elektronisk via Time kommune si heimeside. Søknadsfristen er 1. mars og blir kunngjord i dagspressa og på Time kommune/skulane si heimeside.

### **Opptaksperiode**

Opptak i skulefritidsordninga gjeld ut 4. klasse, men eldre barn kan seiast opp ved plassmangel, jfr. opptakskriteria.

<b>Dato:</b>	«Sdo_DokDato»
<b>Arkiv:</b>	«Sas_ArkivID»
	«Sdo_ArkivSakl
<b>Vår ref (ArkivsakID.):</b>	D»-
	«Sdo_DokNr»
<b>JournalpostID.:</b>	«Sdo_DokID»

---

## **Opptaksnemnd**

Rektor og dagleg leiar er opptaksnemnd.

## **Opptakskriterium**

Dersom det er fleire søkjarar enn det er plass til i skulefritidsordninga, gjeld desse kriteria:

- Barn med særlege behov skal prioriterast
- Barn av einslege foreldre skal prioriterast
- Dei yngste barna skal prioriterast
- Barn der begge foreldra er i arbeid eller under utdanning skal prioriterast

## **Klagefrist**

Etter Forvaltningslova § 29 har søkjaren tre vekers klagefrist etter at søkjaren har teke imot avgjerda. Kommunalsjefen for oppvekst er klageinstans.

## **Oppseiing/ending av opphaldstid**

Skulefritidsordninga har to månaders oppseiingstid. Det gjeld og for endringar i opphaldstida. Oppseiinga gjeld frå 1. i kvar måned. Plassen kan ikkje seiast opp etter 1. mars. (Ved oppseiing etter 1. mars må det betalast ut skuleåret.)

## **Foreldrebetaling**

Kommunestyret vedtek foreldrebetalinga for opphald i skulefritidsordninga.

Beløpet må betalast sjølv om barnet har fråver. Uregelmessig betaling utover to månader kan føra til at barnet mistar plassen.

## **Opningstid**

Tilbod i 11 månader i året gjeld alle skulane. Det må vera minst 5 barn som har behov for sommartilbod før og etter skuleslutt for at ein skal ha opent i ferien. Tilbod blir gitt på ein annan SFO. Skulefritidsordninga er open kvar dag i perioden 1. august – 30. juni, men det haldast stengt 2 av skulen sine planleggingsdagar. Det skal gå fram av skuleruta kva for planleggingsdagar SFO har stengt. Dersom det er behov for det, er skulefritidsordninga open i romjula og påskeveka.

Jule- og nyttårsaftan, samt onsdag i påskeveka haldast stengt.

Skulefritidsordninga er til vanleg open ein time før skulestart og etter skuletid til kl. 16.00

## **Leike- og opphaldsareal**

Når SFO er knytt til ein skule/barnehage, nyttar dei skulen/barnehagen sine lokale og uteområde.

## **Bemanning og leiing**

Grunnbemanninga skal i hovudregelen vera 1 vaksen pr. 15 barn.

Når skulefritidsordninga er knytt til ein skule, er rektor fagleg og administrativ leiar.

**Dato:** «Sdo\_DokDato»  
**Arkiv:** «Sas\_ArkivID»  
«Sdo\_ArkivSakI»  
**Vår ref (ArkivsakID.):** D»-  
«Sdo\_DokNr»  
**JournalpostID.:** «Sdo\_DokID»

---

### **Forvaltningsansvar**

Skulefritidsordninga skal drivast etter dei retningslinene som kommunestyret har vedteke.

I samsvar med § 10 nr 1 og 2 i Kommunelova er Levekår styringsorgan for skulefritidsordninga i Time.

### **Internkontroll**

Skulefritidsordningane i Time kommune følgjer kommunen sitt internkontrollsystem ved den einskilde skulen.

Skulefritidsordningane skal drivast i samsvar med krav til helse-, miljø og sikring, som Time kommune til ei kvar tid fastset, og gjeldande lover og reglar.

### **Forsikring**

Barna i skulefritidsordninga er kollektivt ulykkesforsikra.

### **Vedtektsendringar**

Endringar i desse vedtektene krev vedtak i Levekår

**Dato:** «Sdo\_DokDato»  
**Arkiv:** «Sas\_ArkivID»  
«Sdo\_ArkivSakl»  
**Vår ref (ArkivsaktID.):** D»-  
«Sdo\_DokNr»  
**JournalpostID.:** «Sdo\_DokID»

---